

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 11.05.2021

Fylkesordfører la innstillinga frå hovudutval for næring til grunn for saksbehandlinga.

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 3

Saka skal også omhandle korleis denne satsinga skal styrke og auke samhandlinga i heile regionen.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering
2. Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.
3. Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til fylkestinget 19. oktober med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022. Saka skal også omhandle korleis denne satsinga skal styrke og auke samhandlinga i heile regionen.